

Søknad

Søknadsnr.	2021-0460	Søknadsår	2021	Arkivsak
Støtteordning	Nærings- og utviklingsfond for utsette område			
Prosjektnamn	Hyllestad Næringsutvikling 2021 - 2022			

Kort samandrag

Hyllestad kommune har store utfordringar når det gjeld nedgang i folketal og arbeidsplassar og eit einssidig næringsliv. Spesielt ser vi det som viktig å stanse og reversere utflytting av unge kvinner. Kommune, næringsliv, lag- og organisasjonar og offentleg verkemiddelapparat vil difor jobbe målretta saman med tiltak som styrkar næringsgrunnet, sikrar bulyst, og som gjev ønska utvikling

Det omsøkte prosjektet bli ledd nummer to i ein tre-trinns plan for omstilling og utvikling i Hyllestad

Beskriv omstillingsutfordringane og bakgrunn for prosjektet

Hyllestad kommune har utfordringar når det gjeld nedgang i folketal og arbeidsplassar og eit einssidig næringsliv. Spesielt ser kommunen det som viktig å stanse og reversere utflyttinga av unge kvinner.

Fylkeskommunen, i sitt innspel til Kommunal- og moderniserings-departementet den 19.04.2021, beskrev utfordringane slik:

"I Hyllestad kommune var det 4. kvartal 2021 1294 innbyggjarar. Kommunen er ein av kommunane med mest einssidig næringsstruktur i Vestland, både i privat sektor og samla. Utdanningsnivået er mellom dei lågaste i fylket og kommunen er ein av dei i fylket med høgast forsørgjarbyrde for eldre.

Kommunen har også den nest høgaste delen av sysselsetting innan konkurranseutsette næringar i fylket. 33% var sysselsett i industrien i 2019, som er den 12. høgaste sysselsettingsdelen i industrien i landet. 22% jobba i helse og sosial. Ved sida av kommunen, er verftet Havyard New Ship Technology den klart største arbeidsgjevaren.

Historisk har Hyllestad hatt ei arbeidsløyse som har svinga med konjunkturane til verftsnæringa. Arbeidsløysa var relativt høg etter finanskrisa, før den tidleg på 2010-talet var langt lågare enn fylkessnittet. I samband med oljekrisa i 2015 var arbeidsløysa igjen relativt høg, før den var låg dei siste tre-fire åra før pandemien.

Havyard New Ship Technology er eit dotterselskap i Havyard Group. Marknaden for å bygge nye skip og høve til byggfinansiering vart utfordrande i 2020 og er venta å vere det framover. Havyard Group har difor gjort eit strategisk val om å legge ned bygging av skip i Hyllestad. Havyard New Ship Technology skal i løpet av 2021i staden omstillast til å bli eit service- og reparasjonsverft. Omlegginga til eit verft for reparasjon, vedlikehald og ombygging gjer at verftet no er inne i ein prosess for å redusere tal fast tilsette med 110 årsverk i løpet av 2021. Av desse er omlag 70% busette i Hyllestad kommune, 20% i Høyanger kommune og 10% i Fjaler kommune.

I desember 2020 sette Hyllestad kommune i gang eit prosjekt med avbøtande tiltak i samarbeid med Aksello, nabokommunar og fylkeskommunen. Per mars 2021 melder prosjektet at 65 av dei 110 som misser jobben, har fått avklara sin situasjon. Desse har anten fått tilbod frå ny arbeidsgjevar, vil ta utdanning eller vil gå av med pensjon når verftet ikkje har bruk for dei lenger. Per no er situasjonen såleis uavklara for 45 personar. Havyard New Ship Technology har seks nybygg som skal ferdigstillast i 2021. Nedbemanninga vil skje i takt med at nybygga blir ferdige. Dei som misser arbeidet sitt ved verftet vil difor ikkje kome fram i statistikken som syner utvikling i tal arbeidssøkarar frå mars 2020 til mars 2021...

Tal arbeidssøklarar i Hyllestad var relativt stabilt det siste året før koronapandemien, og låg på 15-18 personar (2,3%). Då pandemien slo til, auka tal arbeidssøklarar mykje. Toppunktet var på 152 (21,6%) arbeidssøklarar i april 2020. Dette hadde samanheng med omfattande permitteringar i verftsnaeringa og tilstøytane verksemdar. Situasjonen betra seg over sommaren. Sidan september 2020 har talet vore stabilt på 35-38 personar (5-5,5%). Samanlikna med situasjonen før pandemien er dette omlag ei dobling. I mars 2021 er delen arbeidssøkande nede i 4,8%. Omlag halvparten av desse har vore arbeidssøklarar i meir enn 26 veker."

Kommunen ynskjer i tillegg å påpeike den demografiske utviklinga, der spesielt fråflyttinga av unge kvinner legg eit dårleg grunnlag for utviklinga framover. Difor ynskjer kommunen å ha spesiell fokus på dette punktet når vi omtaler utfordringane frametter.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Prosjekteigar	Hyllestad kommune Org.nr:964967547	Lifjordvegen 7 6957 HYLLESTAD	95224846
Kontakt	Laila Johannessen	Lifjordvegen 7 6957 HYLLESTAD	95224846

Prosjektbeskrivelse

Prosjektbeskriving

Det omsøkte prosjektet bli ledd nummer to i ein tre-trinns plan for omstilling og utvikling i Hyllestad:

1. Først fokus på den umiddelbare situasjonen som oppstod da Havyard varsla nedbemanning av ca. 110 tilsette i 2020
2. No skalering og utviding av elementa i det prosjektet ut over Havyard og Havyard-tilsette. Resultat og konsekvensar frå Havyardprosjektet må følgjast opp. Det er dessutan avdekka fleire behov utover Havyard . Vi har bedrifter som har bede om å bli tatt med i omstilling og der det er varsla nedbemanning.
3. Deretter, frå ein gong i 2022, eit meir langsiktig omstillings- og vekstprogram for Hyllestad dersom fylkeskommunen sitt initiativ til statsbudsjettet fører fram.

Vi vil nytte dei gode erfaringane frå prosjektet i pkt. 1 ovanfor inn i pkt.2, altså det prosjektet vi no søker om. Det gjeld både prosjektet si form/organisering og innhald. Ikkje minst vil vi fortsette å nytte samarbeidet mellom dei gode aktørane i verkemiddelapparatet lokalt, frå kommunen si førstelineteneste, via kompetansemiljøet Akvahub, næringshagen Klar Bedrift og inkubatoren Aksello til dei nasjonale aktørane som t.d Innovasjon Norge.

I tillegg vil vi i denne fasen invitere Visit Fjordkysten med inn som ressurs i omstillingsprosjektet. Dette i forhold til utvikling av reiselivet og potensialet som ligg i å utvikle Fjordkysten regional- og geopark. «Parken» skal utviklast til ein felles arena for kommunar og bedrifter for å formidle all natur- og kulturarv og gjere den tilgjengeleg for breie målgrupper (besøksenter, spennande geolokalitetar i landskapet, omvisingar, kurs, skuleprosjekt, digitale plattformer. Utviklinga av næring- og reiseliv skal vere basert på bærekraftige prinsipp (miljøvenleg infrastruktur, opplevingstilbod, overnatting, lokalmat, handverksprodukt). Fjordkysten Regional-og geopark er sjølv i eit oppstart- og utviklingsprosjekt og prosjektgruppene må samarbeide.

Visit Fjordkysten er destinasjonsselskapet for reiselivet i Hyllestad og er aktiv medlem av felles reiselivsgruppe for Hyllestad kommune og Hyllestad Næringsråd, samt gjev god oppfølging til sine medlemmar som dei kjenner godt.

I tillegg vil vi ha med LivOGLyst prosjektet til Hyllestad. I dette 3-årige prosjektet samarbeider Hyllestad Grendalag, Venelaget for Kvernsteinsparken, Reiselivsgruppa i Hyllestad Næringsråd og Hyllestad Kommune om å mobilisere og sette i gang tiltak for å gjere Hyllestad sentrum til ein flott og attraktiv plass for alle som bur her, for tilflyttarar og besøkjande. LivOGLyst Hyllestad er sterkt kopla til Hyllestad kommune sitt tettstadutviklingsprosjekt.

Og ikkje minst må vi ha med oss røysta til unge kvinner og innviterar med oss inn ei frå målgruppa når vi skal sjå heilskap, samarbeide, samhandle og legge grunnlag for omstilling- og vekstprogram.

Hyllestad Næringsråd og Hyllestad kommune jobbar tett saman og har felles verdiskapingsplan. Vi har felles fokusgrupper innan satsingsområda for kommunen og næringslivet (Havbruk, reiseliv, elektromiljøet, infrastruktur). Det er difor naturleg at leiar i næringsrådet blir medlem av prosjektgruppe og styringsgruppe.

Fylkeskommunen og nabokommunane som har vore med i styringsgruppa har gjeve prosjektet god forankring og ryggrad, og dette ønskjer vi å vidareføre.

Erfaringane frå det tidlegare omstillingsprogrammet til Hyllestad kommune (og andre kommunar som Vågsøy), samt kunnskapsgrunnlag frå Distriktsenteret tek vi også med oss når vi planlegg nye tiltak.

Effekt mål

Næringsgrunnlaget er stryka og det er vekst i næringsområda vi har prioritert og hatt fokus på. Eksisterande arbeidsplassar er sikra. Nye arbeidsplassar er etablert. Færre unge kvinner vel å flytte frå kommunen permanent. Fleire kvinner finn det attraktivt å etablere seg i Hyllestad.

Hyllestad kommune, næringslivet og grasrota samarbeider tett og kontinuerleg for å oppnå attraktive lokalsamfunn og godt fungerande bu- arbeid- og serviceområde.

Resultatmål

Gjennomført idéfangst i det lokale næringslivet innan tre utvalde bransjar for å identifisere moglege felles satsingsområde (1-2 hovudtiltak frå kvar)

Etablert og gjennomført eit program for gründerar samt knoppskyting i etablert næringsliv (minimum 5 gründerverksemdar og 5 knoppskytingsidear). Unge kvinner er prioritert.

Etablert og gjennomført eit kompetansehevingsprogram for verksemdar og einskildpersonar (minimum 20 einskildpersonar samt minimum 30 tilsette i minimum 5 verksemdar). Unge kvinner er prioritert

Prosjektplan for fase 3, omstillingsprogram over 6 år, er forankra og utarbeidd, klar for å bli realisert.

Tiltak som skal legge til rette for omstilling og utvikling

HA1. Nye arbeidsplassar gjennom utvalde satsingsområde i tre bransjar

- a. Havbruk
- b. Reiseliv
- c. Elektro innan fornybar energi

Næringane sjølv identifiserer moglegheitene.

HA2. Etablere og gjennomføre eit program for gründerar samt knoppskyting i etablert næringsliv

Spesiell fokus på unge kvinner.

Nyttar dei lokale/regionale aktørane i verkemiddelapparatet.

HA3. Kompetanseheving for næringsliv og einskildpersonar

Spesiell fokus på unge kvinner

Dette vert i tillegg til BIO-midlar for verksemdene, men gjerne bygge på BIO-konseptet

Støtte til kompetanseheving for einskildpersonar. Prioritet til dei som treng kurs og opplæring for å starte ny verksemd. Samle nok deltakarar til å få skreddarsydde, lokale opplæringsprogram i størst mogleg grad.

Også karriererettleiing (der fylkeskommunen også har fagleg kompetanse å bidra med)

HA4. Infrastruktur

Spesiell fokus på unge kvinner

- a. Breiband/fiber
- b. El-bil lading – Hyllestadinnbyggjarar skal også kunne ta miljøvenlege val
- c. Innovasjonsmiljø/kontorfelleskap/klyngemiljø

d. Styrke klyngemiljøet i Bøfjordbassenget, knyte det tettare saman. Blant anna sikre planlegging av sykkelveg langs hele Bøfjordbasseng-området. Frå industribedrifta Havyard Leirvik til Leirvik sentrum og kople seg på den nye sykkel- og gangvegen til bustadfeltet og friluftsanlegget på Heggebø.

e. Styrke konferansehotellet og serveringstilbod

f. Sosiale møteplassar

Fleire av desse i nært samarbeid med Liv og lyst-prosjekta.

HA5. Førebu og utarbeide eit godt program som kan finansierast med midlar frå Statsbudsjettet frå 2022.

Vi må sikre ein tydeleg digital kommunikasjonsstrategi for alle HA. Ønskjer å nytte www.hyllestad.info (samfunnsportalen til Hyllestad som er under utvikling. Den gir svar på kor kan eg bu, kor kan eg jobbe og kva kan eg gjere på i Hyllestad)

Grupper tiltaka skal rettast mot (føretak, næring, arbeidstakarar etc.)

- Unge kvinner
- Føretak
- Næringar
- Arbeidstakarar
- Gründerar

Tiltaka si forankring i kommunale eller regionale næringsplanar

- Kommunen sin «Kommuneplan samfunnsdel for Hyllestad 2018 – 2030»
- Utviklingsplan for Vestland og Regional plan for innovasjon og næring
- Felles handlingsplan mellom Hyllestad kommune og Hyllestad Næringsråd

Prosjektorganisering

Prosjekteigar: Hyllestad kommune

Prosjektansvarleg; Laila Johannessen

Prosjektleiar: Aksello v/Arne Olsen

Prosjektgruppe: Hyllestad kommune, Hyllestad Næringsråd, Klar Bedrift AS, Akvahub, Visit Fjordkysten, Hyllestad Grendalag, En representant for unge kvinner i Hyllestad

Referansegruppe: Innovasjon Norge, Framtidsfylket, Havyard Leirvik, Høgskulen på Vestlandet, Fagskulen i Sogn og Fjordane, Folkeuniversitetet, Høyanger Næringsutvikling, Fjaler Næringsutvikling, Solund kommune, Ulike grendelag i Hyllestad, BKK Spring

Styringsgruppe: Ordføraren i Hyllestad, Ordføraren i Høyanger, Ordføraren i Fjaler, Hyllestad Næringsråd, Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge (dersom vi får omstillingsstatus)

Samarbeidspartnarar

I prosjektet vil kommunen trekke tungt på lokale samarbeidspartnarar innan næringsliv, akademia og hos dei lokale styresmaktene i nabokommunane og i fylkeskommunen. Innan næringslivet vil vi trekke inn dei etablerte kompetansemiljøa innan dei prioriterte bransjane havbruk, reiseliv og elektro. Samstundes på vi utnytte dei moglegheitene som framleis ligg i eit offensivt, om enn noko nedskalert, Havyard Leirvik.

Elles vil vi samarbeide tett med utdanningsinstitusjonar, Framtidsfylket og som sagt alle aktørane i verkemiddelapparatet for næringsutvikling.

Kommunen sin valde prosjektleiar er næringsutviklingsselskapet Aksello. Dei har god røynsle frå prosjektleiing, mellom anna det pågåande prosjektet «Hyllestad omstilling og vekst» frå starten i desember 2020. Kommunen meiner dette er ei klar styrke for vår gjennomførings-evne i det nye prosjektet.

Tids-/milepælsplan

Startdato: 15.06.2021 Sluttdato: 31.12.2022 Milepælsplan vedlagt søknad: Ja

Prosjektet startar i juni 2021 og går i utgangspunktet til desember 2022. Tidsplanen (og ressursbruken) vil imidlertid i høg grad verte påverka av utfallet på fylkeskommunen sitt innspel til Statsbudsjettet for 2022 og bortetter. Overgangen frå dette prosjektet til Statsbudsjett-prosjektet vil måtte planleggast frå oktober fram mot nyttår. Når midlane frå statsbudsjettet vert tilgjengelege og prosjektplanen for det arbeidet er godkjend, vil eventuelle restmidlar frå dette prosjektet kunne slås saman med, eller i alle fall sjåast i nær samanheng med, midlane frå Statsbudsjettet. Sjå elles viktige milepæler i vedlagt projektskisse.

Kostnad-/finansieringsplan

Mottatt offentlig støtte tidligere:Nei

Kostnadsplan

Tittel	2021	2022	2023	2024	2025	SUM
Analyser og studiar	100 000	200 000				300 000
Kompetansehevingstiltak	300 000	800 000				1 100 000
Prosjektadministrasjon	300 000	500 000				800 000
Samlingar og idefangst	250 000	250 000				500 000
Utarbeide program for 2022-26	200 000	100 000				300 000
Vekstprogram gründerar og knoppskyting	400 000	600 000				1 000 000
Sum kostnad	1 550 000	2 450 000				4 000 000

Finansieringsplan

Tittel	2021	2022	2023	2024	2025	SUM
* Nærings- og utviklingsfond	750 000	1 250 000				2 000 000
Aksello/sparebankstiftinga	200 000	200 000				400 000
Eige arbeid verksemder og einskildperso	300 000	500 000				800 000
Eigeninnsats Hyllestad kommune	300 000	500 000				800 000
Sum finansiering	1 550 000	2 450 000				4 000 000

Geografi

4637-Hyllestad

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
210513 Hyllestad næringsutvikling prosjektskisse (003).pptx	1 452 092	13.05.2021